

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## **I** Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune  
Møtedato: 11.04.2012  
Møtetid: 09.00  
Stad: Jølstra  
Møtenr.: 3/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sak (17 og 18/12) og Revisor i sak (18/12).

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no) eller tlf. 951 39 762.

### SAKLISTE

015/12 Godkjenning innkalling og sakliste  
016/12 Skriv og Meldingar.  
017/12 Orientering - Skatteoppkrevjarfunksjonen.  
018/12 Årsrekneskapen 2011 – Førde kommune.  
019/12 Oppfølgingsliste 3-2012 Førde.  
020/12 Eventuelt.

Førde, 30.03.2012.

Anne Lise Bekjorden(s)  
(Leiar)

  
Vidar Øvrebb  
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 015/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 28.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.04.2012	015/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 016/12 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 28.03.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	11.04.2012	016/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### **Saksvedlegg**

SM 13-12: Bystyresak 008/12 Årsmelding 2011 for kontrollutvalet 2011.  
SM 14-12: Tilsynsrapport frå Fylkesmannen – Barnehagelova, datert 06.03.2012.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 13-12



# Førde kommune

**Styre, råd og utval**  
Bystyret

**Møtedato**  
16.02.2012

**Saksnr**  
008/12

**Sakshandsamar:**  
Siv Belinda Bruland

**Arkiv:**  
FE-026, FA-

**Arkivsaknr.:**  
12/272

## Årsmelding 2011 for kontrollutvalet Førde kommune

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
09.02.2012	Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

**Dok.ID**  
67909

### Saksutgreiing:

Kontrollutvalet i Førde kommune har i møte 30.01.12, sak 005/12, handsama sak om Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Førde kommune. Saka vert lagt fram for bystyret til godkjenning.

### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for 2011 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

### Handsaming i Bystyret 16.02.2012:

#### Samrøystes vedtak

#### BY-008/12 Vedtak:

Årsmelding for 2011 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.



**FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE**

SM 14-12

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki  
Telefon:  
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato  
06.03.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2011/5053 - 611  
Dykkar referanse

Førde kommune  
Postboks 338  
6802 Førde

## Tilsyn med Førde kommune - rapport

Vedlagt følger tilsynsrapport etter tilsyn 15.02.12

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

I samråd med Førde kommune har vi sett frist for retting av avvik til 06.06.12

Fylkesmannen ber om skriftleg melding innan denne dato.

Med helsing

Åslaug Krogsæter  
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki  
rådgjevar

Vedlegg: Tilsynsrapport

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

## TILSYN med Førde kommune – førebels rapport

---

Førde kommune  
Postboks 338  
6802 Førde

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:  
Bodhild Therese Cirotzki -  
revisjonsleiar  
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:  
Kommunalsjef skule og barnehage, Helge Sæterdal

### Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

### Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningssmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18
- Barnehagelova § 19 Politiattest

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

### Avvik

**Førde kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.**

Dato, 06.03.12

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar  
Berit Rygg, revisor

**Innhald:**

Innleiing  
Tema for tilsyn  
Dokumentunderlag  
Avvik  
Merknad  
Andre tilhøve  
Oversikt over dokument i saka  
Gjennomføring  
Deltakarar ved fylkesmannen sitt tilsyn

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Førde kommune 15.02.2012. Tilsynet er ein del av fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Førde kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- MERKNAD er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbedringspotensiale.



**Dokumentunderlag**

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- oversikt over gjennomførte tilsyn eller plan for tilsyn
- tilsynsrapportar
- verksemdsplan og årsplan for barnehagane som er med i tilsynet
- dokumentasjon frå barnehagane som er med i tilsynet som viser oversikt over bemanning og barnegrupper slik dei er i dag
- vedtekter for dei fire aktuelle barnehagane
- godkjenningssdokument for alle barnehagane i kommunen
- kopi av søknad og kommunen si handsaming av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar/pedagogisk leiar (dei tre siste)
- andre dokument som kommunen meiner er relevante for tilsynet

**Avvik**

**Førde kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.**

Barnehagelova § 10 Godkjenning.

*“Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.”*

**Lovkommentar**

Kommunen godkjenner barnehagedrift ut frå søknad, og etter vurdering av korleis barnehagen er eigna i høve formål og innhald jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne. Kommunen skal vurdere om bemanninga er forsvarleg og krava til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene. Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som t.d. plan- og bygningslov med byggforskrifter, forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr, forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, arbeidsmiljølova, forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn og utfylt skjema F-4198 utarbeida av departementet.

Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve.

**Avviket byggjer på følgjande innlevert dokumentasjon og er stadfesta i intervju.**

Førde kommune har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon som viser:

- at kommunen på bakgrunn av godkjenningane i anna lovverk kan dokumentere at det er laga enkeltvedtak på at dei kommunale og ikkje - kommunale barnehagane er godkjende
- at kommunale og ikkje-kommunale barnehagar har oppdatert godkjenning etter miljøretta helsevern
- at kommunale og ikkje- kommunale barnehagar har rutine for godkjenning etter forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr

**Gjennomføring**

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 21.11.11.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 25.01.12.

Opningsmøte vart gjennomført 15.02.12

Det vart utført intervju med seks personar 15.02.12.

Sluttmøte i videokonferanse var sett til 06.03.12.

**Oversikt over personar i kommunen som var direkte involverte i tilsynet.**

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Oppsummering	Sluttmøte
Helge Sæterdal	Kommunal – sjef skule og barnehage	X	X	X	X
Sissel Elin Årdal	Styrar Vieåsen barnehage	X	X	X	X
Anita Bolstad	Styrar Hallehaugen barnehage	X	X	X	X
Aase Leknes	Styrar Sunde barnehage	X	X	X	X
Trude Horne	Styrar Prestebakken barnehage	X	X	X	X
Gry Sætre	Styrar Solvang barnehage	X	X	X	X

Frå fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki

## 017/12 ORIENTERING SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 29.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.04.2012	017/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Førde kommune om «Orientering – kontrollrapport vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde kommune, datert 07.03.2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 010/12 «Skriv og meldingar».
- Kontrollrapport 2011 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i 132 Førde kommune, datert 20.02.2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **ORIENTERING SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmannen orienterer om skatteoppkrevjarfunksjonen.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet i Førde fekk i møte 07.03.2012 lagt fram Årsrapport for 2011 frå Kemnaren i Førde kommune. Rapporten vart lagt fram som SM 09-12 i sak 010/12 «Skriv og meldingar».

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *AD SM 09-12: Kontrollrapport 2011 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i 132 Førde kommune, datert 20.02.2012.*
- *Kontrollutvalet vil kallar inn rådmann for å orientere om manglande arbeidsgjevarkontroll i Førde kommune på neste kontrollutvalsmøte.*

Det er sendt brev til Førde kommune 7.3.12 der rådmannen er kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen, og spesielt om den manglande arbeidsgjevarkontroll som kjem fram i årsrapport for 2011.

Rådmannen møter for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen.

**Sekretariatet sine vurderingar.**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Førde kommune

6800 FØRDE

Førde, 07.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.:132/12

Arkiv: Førde

## ORIENTERING – KONTROLLRAPPORT VEDKOMMANDE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I FØRDE KOMMUNE

kontrollutvalssak 010/12 "Skriv og Meldingar" den 07.03.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:


- *AD SM 09-12: Kontrollrapport 2011 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i 132 Førde kommune, datert 20.02.2012.*
- *Kontrollutvalet vil kallar inn rådmann for å orientere om manglande arbeidsgjevarkontroll i Førde kommune på neste kontrollutvalsmøte.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet administrasjonen førebu ei kort orientering om ovannemnde tema til neste møte.

Innkalling vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste kontrollutvalsmøte i Førde vert helde 11. april 2012.

For kontrollutvalet

  
Vidar Øvrebo  
SEKOM-sekretariat

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 018/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.03.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.03.2012	018/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Førde kommune.
- Årsmelding datert 12. mars 2012.
- Rekneskap 2011.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 30.03.2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Førde kommune, datert 11.04.2012

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Førde kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål om innhaldet i årsrekneskapen og om revisjonen som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Til  
Bystyret i Førde

Førde 11.04.2012

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR FØRDE KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Førde kommune er handsama i kontrollutvalet i Førde 11.04.2011.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2011 for Førde kommune.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 12. mars 2012
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 30.03.2012

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er kr. 4,614 mill. i overskot. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3 % av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat utgjer 0,5 %, Førde kommune er såleis under det tilrådde målet.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 751 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 823 mill. Hovuddelen av avviket skuldast større overføringar med krav til motytingar enn budsjettert.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 751 mill. Rekneskapen viser kr. 811 mill. Dei vesentlegaste avvika er "Lønsutgifter", "Kjøp som inngår i kommunal produksjon".

Brutto driftsresultatet er kr. 11,8 millionar betre enn budsjettert.

Førde kommune har hatt finansinntekter på kr. 11,1 millionar og finanskostnader inkl. avdrag er på kr. 61,6 millionar. Resultat for eksterne finanstransaksjonar viser kr. 50,5 mill mot budsjettert kr. 43,9 mill. Det negative avviket på kr. 6,6 mill i høve til budsjett skuldast tap på finansielle instrument.

Kontrollutvalet merkar seg at dei enkelte einingane har små avvik, men at ein kjem ut med eit samla avvik på kr 7,6 jfr. Årsmeldinga side 8.

---

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257

# ***SEKOM-sekretariat***

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekket beløp på kr. 8 mill. Kommentara til investeringsrekneskapen i årsmeldinga s. 13. Rådmannen skriv at det vert lagt fram eiga sak til bystyret om tilleggsløyvingar der det er naudsynt.

Langsiktig gjeld har auka med 98,9 mill frå kr 914 mill i 2010 til 1 012,9 mill i 2011. Dette gjer at gjeldsgrada auka frå 75% i 2010 til 80,9% i 2011. For rådmannen sine kommentarar om gjeld vert det vist til side 12 i årsmeldinga.

Arbeidskapitalen er god og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande. Rådmannen vurderer arbeidskapitalen til å vere god. Jfr. årsmeldinga side 16.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga og at kontrollutvalet har merka seg dei to presiseringane.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Førde kommune bør godkjennast slik han ligg føre.

Anne Lise Bekjorden (sign)  
-leiar-

Terje Engvik (sign)  
-nestleiar-

Bjarte Urnes (sign)

Mariann Njøsén (sign)

Per Arne Kloven (sign)

Vidar Øvrebø

---

**Hovudkontor**  
6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 82 68  
Mob. tlf. 913 47 077  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

**Regionkontor**  
Hafstadvegen 21  
Postboks 338, 6802 Førde  
Mob. tlf. 976 15 363  
e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)  
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554  
Kontonr. 3705.08.3257



Førde kommune



## Årsmelding Førde kommune 2011

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)



## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Økonomisk oversyn.....	4
2.1	Driftsresultat .....	4
2.2	Driftsinntekter.....	6
2.3	Driftsutgifter .....	7
2.4	Budsjettavvik.....	7
2.5	Resultatvurderingar .....	10
2.5.1	Driftsresultat og nivå .....	10
2.5.2	Finanspostar .....	11
2.6	Gjeld .....	12
2.7	Investeringar.....	13
2.8	Finansplasseringar .....	14
2.8.1	Bakgrunn .....	14
2.8.2	Avkastning .....	14
2.8.3	Akkumulert avkastning .....	14
2.8.4	Rammer og risiko .....	15
2.8.5	Framover .....	15
2.9	Eigenkapital og likviditet.....	16
2.9.1	Disponibel kapital .....	16
2.9.2	Bufferfondet .....	16
2.9.3	Likviditet .....	17
2.10	Overordna Kostra-tal .....	18
2.11	Hovudoversikter.....	19
2.11.1	Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen.....	19
2.11.2	Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen .....	19
2.11.3	Balanserekneskapen .....	20
2.11.4	Økonomisk oversikt drift .....	21
2.12	Økonomisk oversikt investering .....	22
3	Likestilling .....	23
3.1	Kjønnsfordeling i kommunen.....	23
3.2	Kjønnsfordelt lønsstatistikk.....	24
3.3	Kjønnsfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette.....	26
3.4	Uttak av permisjon sortert på kjønn (i prosent av moglege dagsverk).....	27
3.5	Kjønnsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar.....	27
3.6	Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling.....	27
4	Etikk .....	28

# 1 Innleiing

Årsmelding 2011 for Førde kommune tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte brukte og med ei forklaring der det er større avvik, og økonomisk status pr. 31.12.11. Vidare inneheld årsmeldinga statusoversikt når det gjeld etikk og likestilling, samt kva planar kommunen har på desse områda.

Driftsrekneskapen 2011 er avslutta i balanse etter at det er gjennomført strykningar ved at avsetjing av mindreforbruk frå rekneskapen 2010 er redusert på 8,5 mill kr. Investeringsrekneskapen 2011 er avslutta med eit udekket beløp på 8 mill kr.

Rekneskapen for 2011 gav eit netto driftsresultat på 0,5 % av driftsinntekter. Til samanlikning var korrigert budsjettert netto driftsresultat for 2011 på 1,8 %. Negativ avkastning på plasserte midlar, meirforbruk i drifta justert for auka skatteinntekter og lågare rentenivå enn budsjettert forklarar resultatet.

Einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 5,9 mill kr som tilsvarar 1 % av total budsjetttramme. Oppsummert har budsjettstyringa vore god i 2011. Eigenkapitals- og likviditetssituasjonen er relativt god.

I tillegg til årsmeldinga er det utarbeidd årsrapportar for dei ulike sektorane i kommunen. Årsrapporten seier noko om ressursinnsats, spesielle hendingar, resultatvurdering og målsettingar for sektoren.

Til sist blir det utarbeidd eit samledokument som inneheld alle einingane sine årsrapportar, der det store aktivitetsnivået i kommunen blir synleggjort.

Rådmannen vil nytte høve til å takke alle tilsette og politikarane for samarbeidet gjennom fjoråret.

Førde, 12. mars 2012

Ole John Østenstad  
Rådmann

## 2 Økonomisk oversyn

### 2.1 Driftsresultat

År		2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dritsinntekter	mill kr	-420	-457	-495	-546	-596	-646	-707	-758	-823
Driftsutgifter	mill kr	406	441	484	530	587	632	689	746	811
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>mill kr</b>	<b>-14</b>	<b>-16</b>	<b>-11</b>	<b>-16</b>	<b>-9</b>	<b>-14</b>	<b>-18</b>	<b>-12</b>	<b>-12</b>
Korrigert for avskrivningar	mill kr	-22	-25	-24	-27	-27	-30	-37	-39	-43
<b>Brutto driftsresultat eksl. avskrivningar</b>	<b>mill kr</b>	<b>-36</b>	<b>-41</b>	<b>-35</b>	<b>-43</b>	<b>-36</b>	<b>-44</b>	<b>-55</b>	<b>-51</b>	<b>-55</b>
Netto finanskostnader	mill kr	27	23	17	23	31	62	23	30	51
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>mill kr</b>	<b>-9</b>	<b>-18</b>	<b>-18</b>	<b>-20</b>	<b>-5</b>	<b>18</b>	<b>-32</b>	<b>-21</b>	<b>-4</b>
Netto bruk av fondsmidler	mill kr	0	4	12	-3	1	-6	-1	7	4
<b>Rekn.mess. meir-/mindreforbr.</b>	<b>mill kr</b>	<b>-9</b>	<b>-14</b>	<b>-6</b>	<b>-23</b>	<b>-4</b>	<b>12</b>	<b>-33</b>	<b>-14</b>	<b>0</b>

Brutto driftsresultat	% av dr innt	3,3	3,5	2,2	2,9	1,5	2,2	2,5	1,6	1,5
Netto driftsresultat	% av dr innt	2,1	3,9	3,6	3,7	0,8	-2,8	4,5	2,8	0,5
Rekn.mess. meir-/mindreforbr.	% av dr innt	2,2	3,1	1,2	4,2	0,7	-1,9	4,7	1,8	0,0

Førde kommune har eit brutto driftsresultat på 12 mill kr (55 mill kr eksl. avskrivning) for 2011.

Dette er i stor grad i samsvar med tidlegare års brutto driftsresultat.


Netto finanskostnader er vesentleg auka frå 2010 og dette skuldast tap på plasserte midlar i 2011.

Netto driftsresultat (resultat før bruk eller avsetning til fond) er svakt i 2011 og utgjør 4 mill kr. Dette som følgje av høg netto finanskostnad.

Driftsrekneskapen for 2011 viser eit meirforbruk på 8,5 mill kr. Likevel er driftsrekneskapen avslutta i balanse etter at det er gjennomført strykningar jf § 9 nr. 2 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning, ved at avsetjing av mindreforbruk frå rekneskapen 2010 er redusert med 8,5 mill kr.

Netto driftsresultat er 0,5 % av driftsinntektene i 2011. Tilrådd norm frå departementet er 3,0 %.

Grafen nedanfor viser utvikling i brutto driftsresultat, netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk for Førde kommune i % av driftsinntekter frå 2002 til og med 2011. Brutto driftsresultat held seg stabilt medan netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk varierer ut frå variasjon i finanskostnad der m.a. avkastning på plasserte midlar inngår.



Tabellen nedanfor forklarar rekneskapsmessig meirforbruk i 2011.

Forklaring til rekneskapsmessig meirforbruk:	Beløp (mill kr)
Tap på plasserte midlar	10,0
Meirforbruk i einingane	5,9
Auka skatteinntekter	-3,6
Netto finanskostnad redusert grunna lågt rentenivå	-2,9
Meir refusjon toppfinansieringsordning ressurskrevjande brukarar	-0,9
<b>Sum</b>	<b>8,5</b>

Rekneskapsmessig meirforbruk for Førde kommune i 2011 var på 8.502.239 kr.

Tap på plasserte midlar og meirforbruk i einingane er årsakene til meirforbruket i 2011. Samtidig har auka skatteinntekter, redusert netto finanskostnad og meir refusjon til ressurskrevjande brukarar nedjustert meirforbruket på 16 mill kr til 8,5 mill kr.

Einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 5,9 mill kr.

Fleire einingar skil seg ut med større meirforbruk;

- Rådmannen -tilskot til private barnehagar og oppreisningsordning
- Helse og barn – avlastning for barn
- Helsetunet (eining 2 og 3) – overbelegg og høgt sjukefråvær
- Forvaltning drift og vedlikehald (FDV) - straumkostnad
- Teknisk drift -vintervedlikehald

Meirforbruket for desse einingane har vore rapportert i tertialrapportar gjennom året og kjent både for administrativ og politisk nivå.

Dei resterande 38 einingane er nær balanse eller har eit mindreforbruk.

Oppsummert har budsjettstyringa vore god i 2011.

## 2.2 Driftsinntekter

Driftsinntekter mill kr	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	% av innt	Avvik B-R	% endr 10-11
Skatt på inntekt og formue	-271	-255	-263	32 %	8	-3 %
Rammetilskot frå staten	-113	-245	-241	29 %	-4	114 %
Eigedomsskatt	-22	-23	-23	3 %	0	5 %
Overføringar med krav til motytingar	-177	-93	-152	18 %	59	-14 %
Andre sals- og leigeinntekter	-80	-78	-82	10 %	4	3 %
Andre statlege overføringar	-57	-20	-24	3 %	4	-58 %
Brukarbetalingar	-35	-35	-35	4 %	0	0 %
Andre overføringar	-3	-3	-3	0 %	0	-9 %
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0	0 %	0	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-758</b>	<b>-752</b>	<b>-823</b>	<b>100 %</b>	<b>71</b>	<b>9 %</b>

Skatt på inntekter og formue, rammetilskot og eigedomsskatt utgjer til saman 64 % av driftsinntektene til Førde kommune i 2011. Samla budsjettavvik for desse inntektskjeldene er 4 mill kr i 2011. Avviket omfattar auka skatteanslag i etterkant av revidert nasjonalbudsjett.

Overføring med krav til motytingar utgjer det største budsjettavviket på 59 mill kr. Dette avviket omfattar sjukelønsrefusjon og fødselspengar på 27,5 mill kr og mva kompensasjon på 22 mill kr. Desse inntektene vert i mindre grad budsjettert då omfang er usikkert og inntektene tilsvarande har ein utgiftspost.

Mill kr	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Skatt på inntekt og formue	-173	-188	-195	-222	-221	-233	-251	-271	-263
Endring kr frå året før	-15	-15	-7	-27	1	-13	-18	-20	8
Endring % frå året før	8	9	4	14	-1	6	8	8	-3
Eigedomsskatt	-14	-14	-14	-14	-21	-21	-22	-22	-23
Endring kr frå året før	0	1	0	-1	-6	-1	-1	0	-1
Endring % frå året før	3	-6	0	5	45	3	4	0	2

Tabellen ovanfor viser utvikling i skatt på inntekt og formue og eigedomsskatt i perioden 2003 til og med 2011. Skatt på inntekt og formue har auka i tråd med statleg politikk.

Nedgangen frå 2010 til 2011 skuldast at skatteandelen til kommunane vart justert ned ved kommuneopplegget for 2011.

Inntekter frå eigedomsskatt held seg stabilt.

Skattesatsen er uendra, og utgjer 2 promille for bustader og fritidseigedomar og 5 promille for andre eigedomar.



## 2.3 Driftsutgifter

Driftsutgifter mill kr	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	% av utg	Avvik B-R	% endr 10-11
Lønsutgifter	400	403	433	53 %	30	8 %
Sosiale utgifter	100	113	110	14 %	-3	10 %
Kjøp som inngår i kommunal prod.	106	97	113	14 %	16	7 %
Kjøp som erstatter kommunal prod.	38	34	44	5 %	10	16 %
Overføringer	65	63	71	9 %	8	10 %
Avskrivninger	39	43	43	5 %	0	11 %
Fordelte utgifter	-1	-1	-2	0 %	-1	100 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>746</b>	<b>752</b>	<b>812</b>	<b>100 %</b>	<b>60</b>	<b>9 %</b>

Lønsutgifter og sosiale utgifter er største utgiftspost og utgjør 67 % av driftsutgiftene i 2011. Budsjettavviket på 30 mill kr for lønsutgifter har tilsvarende motpost på inntektssida gjennom sjukerefusjon og fødselspengar på ca 27 mill kr.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2011 for kjøp som inngår i kommunal produksjon og kjøp som erstatter kommunal produksjon skuldast meirverdiavgifta som ikkje er budsjettetert og som tilsvarende har ein inntektspost på mva-kompensasjon på 22 mill kr.

Auken i driftsutgifter frå 2010 til 2011 er på 9 %, der lønsvekst utgjør den største auken.

## 2.4 Budsjettavvik

Tabellen nedanfor viser budsjettavvik for driftsresultat i 2011.

Det er eit positivt budsjettavvik på brutto driftsresultat på 12 mill kr, eit negativt budsjettavvik på finans på 8 mill kr, og på fondsdisposisjonar 4 mill kr, slik at rekneskapsmessig resultat vert 0 kr i 2011. Korrigert budsjett 2011 er justert 15 mill kr i driftsinntekt frå mva-kompensasjon som tilsvarende er overført til investeringsrekneskapen i netto fondsdisposisjonar.

Driftrekneskap mill kr	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Korr. bud 2011	Budsjettavvik
Driftsinntekter	-823	-751	-766	-72
Driftsutgifter	811	751	751	60
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-12</b>	<b>0</b>	<b>-15</b>	<b>-12</b>
Finansresultat netto	51	44	44	7
Korreksjon for avskrivning	-43	-43	-43	0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4</b>	<b>1</b>	<b>-14</b>	<b>-5</b>
Netto fondsdisposisjonar	4	-1	14	5
<b>Rekn.mess mindreforb</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Brutto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>1,6 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>2,0 %</i>	
<i>Netto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>0,6 %</i>	<i>-0,1 %</i>	<i>1,8 %</i>	
<i>Rekn.mess. meir/mindre forb</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,0 %</i>	

Einingane har slike avvik:

Ansvar	Tekst	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Avvik	Rapp. avvik	Avvik i %
100	Rådmann	51 139 528	47 867 287	3 272 241	2 265 000	7 %
110	Administrasjonseininga	12 678 055	13 191 082	-513 027	0	-4 %
130	Rekneskap-skatt	6 671 180	7 321 727	-650 547	-400 000	-9 %
140	Fagutvikling og koordinering	14 052 899	15 450 530	-1 397 631	-650 000	-9 %
210	Førde barneskule	15 712 466	15 622 636	89 830	0	1 %
211	Halbrend skule	27 931 092	27 491 463	439 629	250 000	2 %
212	Karstad skule	4 609 460	4 635 294	-25 834	0	-1 %
213	Sunde oppvekstsenter	8 845 622	9 030 872	-185 250	0	-2 %
214	Holsen skule	5 881 388	6 326 557	-445 169	0	-7 %
215	Frøysland skule	1 696 659	1 798 627	-101 968	0	-6 %
216	Angedalen skule	3 504 760	3 722 865	-218 105	0	-6 %
217	Slåtten skule	22 219 114	21 821 903	397 211	250 000	2 %
218	Flatene skule	15 274 023	15 388 562	-114 539	0	-1 %
219	Førde ungdomsskule	22 650 355	23 202 775	-552 420	0	-2 %
230	Førde Norsksenter	6 576 082	6 973 351	-397 269	0	-6 %
250	Kulturskulen	3 500 579	3 626 254	-125 675	0	-3 %
260	PPT	5 202 321	5 563 235	-360 914	0	-6 %
270	Slåtdebakkane barnehage	4 383 514	4 238 237	145 277	0	3 %
271	Halbrend barnehage	6 140 276	6 599 496	-459 220	0	-7 %
272	Vie barnehage	9 021 198	9 192 045	-170 847	0	-2 %
273	Sunde barnehage	4 854 065	5 167 022	-312 957	0	-6 %
274	Solsida barnehage	8 201 531	8 829 465	-627 934	0	-7 %
275	Førde familiebarnehage	5 830 811	5 655 484	175 327	0	3 %
276	Vieåsen barnehage	7 392 904	7 421 180	-28 276	0	0 %
277	Tusenfryd barnehage	8 029 680	8 231 291	-201 611	0	-2 %
278	Hatlehaugen barnehage	4 876 478	5 592 362	-715 884	0	-13 %
279	Ytre Hafstad barnehage	6 117 643	5 996 469	121 174	0	2 %
310	Helse og barn	27 841 267	26 530 183	1 311 084	1 500 000	5 %
314	Kronborg ressurshege	9 867 838	9 897 631	-29 793	300 000	0 %
315	Bu- og miljøtenesta	25 596 611	25 230 185	366 426	0	1 %
320	Legesenter og rehab	14 688 572	14 719 912	-31 340	300 000	0 %
340	Psykiatritenesta	7 620 880	7 754 355	-133 475	0	-2 %
355	NAV *	15 991 182	18 995 583	-3 004 401	0	-7 %
372	Heimetenester	42 371 085	42 491 290	-120 205	314 000	0 %
373	Kjøkkentenesta	6 392 447	6 598 139	-205 692	0	-3 %
374	Helsetunet, skjerma eining	10 617 843	10 656 629	-38 786	0	0 %
375	Helsetunet, eining 2	17 990 804	16 105 289	1 885 515	1 500 000	12 %
376	Helsetunet, eining 3	20 123 255	18 558 068	1 565 187	1 500 000	8 %
500	Kultur	6 567 594	6 604 170	-36 576	0	-1 %
610	Byggesak og arealforvaltning	5 018 337	6 311 387	-1 293 050	-700 000	-20 %
620	Forvaltning, drift og vedlikehald	29 738 168	26 346 233	3 391 935	4 800 000	13 %
650	Brann og redning	8 598 761	7 914 627	684 134	350 000	9 %
670	Teknisk drift	-9 289 259	-13 867 032	4 577 773	2 000 000	-33 %
	<b>SUM EININGANE</b>	<b>532 729 067</b>	<b>526 804 720</b>	<b>5 924 347</b>	<b>13 579 000</b>	<b>1 %</b>
355	NAV- korrigering feil *			1 660 911		
	<b>SUM EININGANE INKL. KORR.</b>	<b>532 729 067</b>	<b>526 804 720</b>	<b>7 585 258</b>	<b>13 579 000</b>	<b>1 %</b>
900	Finansielle føremål	-532 729 067	-526 804 720	2 577 892	7 800 000	0 %
	<b>SUM TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 163 150</b>	<b>21 379 000</b>	<b>0 %</b>
900	Strykningsbestemmelsane			-8 502 239		
	<b>SUM TOTALT INKL. STRYKN.</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>21 379 000</b>	

Tabellen på førre side viser at einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 5,9 mill kr. Det er i rekneskapen for 2011 korrigert for tidlegare års manglande inntektsføring av tilskot til kvalifiseringsprogrammet på 1,66 mill kr. Korrigert meirforbruk i einingane i 2011 er derfor 7,6 mill kr som det framkjem av tabellen.

Kollonna rapportert avvik viser varsla avvik i budsjett rapport pr. 31.10.2011 som i sum for einingane varsla eit meirforbruk på 13,6 mill kr.

Kommentar til einingar med større meirforbruk;

- Rådmannen
  - Tilskot til private barnehagar 2,6 mill kr utover budsjettert ramme
  - Oppreisningsordning for omsorgssvikt 0,9 mill kr utover budsjettert ramme
  - Overføring til SNU 0,5 mill kr utover budsjettert ramme
  - Til gode avsette midlar til lønsoppgjær 1 mill kr
- Helse og barn
  - Meirforbruk avlastning og ferietilbod på 1 mill kr
  - Meirforbruk betjening av/og hjelp i avlastningsbustad på 0,4 mill
- Helsetunet (eining 2 og 3)
  - overbelegg
  - høgt sjukefråvær
- Forvaltning drift og vedlikehald (FDV)
  - Høgare straumkostnad enn budsjettert
- Brann og redning
  - Overforbruket skuldast etterbetaling av løn til befall som følgje av inngått avtale.
- Teknisk drift
  - Overforbruk brøyting og strøing 2,1 mill kr
  - Meirkostnad løn grunn vintervedlikehald 0,35 mill kr
  - Reparasjon av vegar etter flaumskader 0,4 mill kr
  - Produksjon av vatn
    - Lågare rentenivå i sjølvkostrekneskapen enn budsjettert 0,6 mil kr
  - Avløpsreinsing
    - Lågare rentenivå i sjølvkostrekneskapen enn budsjettert 1,0 mill kr
    - Meirkostnad levering av slam 0,5 mill kr finansiert ved bruk av fond
    - Kjøp av reservedelar og utstyr 0,3 mill kr finansiert ved bruk av fond
    - Større forbruk kjemikalier 0,1 mill kr finansiert ved bruk av fond

Kommentar til einingar med større mindreforbruk;

- Fagutvikling og koordinering
  - Vakansar som ikkje har blitt erstatta
  - Ungdomstiltaket Skrivarløa har ikkje vore i drift.
- Barnehagane
  - Minimal bruk av vikar ved sjukdom
- NAV
  - Meirinntekter innkrevjing refusjon VTA-plassar 0,24 mill kr
  - Lågare drift på kvalifiseringsprogrammet 0,5 mill kr
  - Generelt underforbruk drift
- Byggesak og arealforvaltning
  - Delvis vakansar og meir inntekter enn budsjettert er årsak til mindreforbruk


Totalt utgjer meirforbruket 1 % av total budsjett ramme.

Oppsummert har budsjettstyring og budsjett rapportering i 2011 vore god.

## 2.5 Resultatvurderingar

### 2.5.1 Driftsresultat og nivå

Netto driftsresultat fortel om driftsinntektene er store nok til å dekkje løpande drift og rente og avdrag på lån. For å sikre ei sunn økonomisk utvikling over tid bør netto driftsresultat utgjere 3 % av brutto driftsinntekter. Kommunen vil då ha ein buffer for å møte uventa utgifter eller svikt i inntekter, kunne eigenfinansiert investeringar og generelt ha handlefridom og evne til å fornye og utvikle eigedomsmasse og andre ressursar som vert brukt i tenesteproduksjonen.



I 2011 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat som utgjør 0,5 % av brutto driftsinntekter, mot 2,8 % i 2010. Snittet for netto driftsresultat er 1,4 % av brutto driftsinntekter for perioden 2002-2011 dvs kring det halve av norma, sjølv med 4 av åra over normnivå.

## 2.5.2 Finanspostar

	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011
Renter frå fakturering	-107 526	-100 000	-120 925
Renteinntekter	-4 432 425	-6 750 000	-4 801 600
Utbytte og eigaruttak	-5 840 682	-5 850 000	-5 820 992
Gevinst finansielle instrument	-11 024 975	-7 500 000	0
Mottokne avdrag på utlån	-323 899	-100 000	-380 920
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-21 729 507</b>	<b>-20 300 000</b>	<b>-11 124 437</b>
Morarenter	14 767	23 000	7 539
Renteutgifter	22 940 449	32 570 000	27 439 456
Tap finansielle instrument	0	0	2 453 467
Avdragsutgifter	28 476 010	31 380 000	31 507 515
Utlån	273 190	200 000	232 811
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>51 704 417</b>	<b>64 173 000</b>	<b>61 640 788</b>
<b>Netto eksterne finanskostnader</b>	<b>29 974 909</b>	<b>43 873 000</b>	<b>50 516 351</b>
Korrigerings utbytte	5 840 682	5 850 000	5 820 992
Korrigerings gevinst/tap finansielle instrument	11 027 975	7 500 000	-2 453 467
Rente og investeringskompensasjon	-3 893 813	-4 197 000	-4 031 817
<b>Netto rente- og avdragskostnad</b>	<b>42 949 753</b>	<b>53 026 000</b>	<b>49 852 059</b>


Tabellen ovanfor viser samanstilling av finanspostar i budsjett/rekneskap 2011 og rekneskap 2010. Netto eksterne finanskostnader utgjer 50,5 mill kr i 2011 samanlikna mot eit budsjett på 43,9 mill kr. Dette gjev eit negativt avvik på 6,4 mill kr for netto eksterne finanskostnader. Det negative avviket skuldast tap på finansielle instrument.

Til samanlikning utgjorde netto eksterne finanskostnader 30 mill kr i 2010.

Inkludert i det negative avviket på netto eksterne finanskostnader, er utbytte og gevinst på plasserte midlar. I tillegg bør netto eksterne finanskostnader sjåast opp mot rentekompensasjon Førde kommune mottar for investeringar innan sjukeheim, omsorgsbustader og skulelokale.

Korrigert for desse faktorane er netto rente- og avdragskostnad 49,9 mill kr i 2011. Dette utgjer eit positivt avvik på 3,1 mill kr samanlikna med budsjettet for 2011.

Lågare rentenivå enn budsjettert forklarar det positive avviket på 3,1 mill kr for netto rente- og avdragskostnad. I vedteken økonomiplan for 2012-2015 er det teke høgde for renteauke i planperioden. Tabellen nedanfor viser utvikling i rente og avdragskostnad;




## 2.6 Gjeld

Langsiktig gjeld har auka med ca 98,9 mill kr frå 914 mill kr i 2010 til 1 012,9 mill kr i 2011. Ein vesentleg del av den langsiktige gjelda vedrører VAR, sjølvfinansierte prosjekt eller lån til vidare utlån gjennom Husbanken. Gjelda er i hovudsak vanlege gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, Klip, og lån på særskilde vilkår i Husbanken, og har eit restavdragsnitt på ca 25 år.

	31.12.2011	%
Lån med pt rente/nibor	581	57 %
Lån med fast rente	374	37 %
Husbanklån	58	6 %
Sum langsiktig gjeld	1013	100 %

Snittrenta i 2011 var 3,0 % for flytande rente og 3,36 % inkludert fastrente.

Grafen nedanfor viser utvikling i gjeldsnivå i perioden 2000 til 2011 for Førde kommune;



Langsiktig lånegjeld er aukande. Vi har ikkje rekneskapsmessig skilt mellom lån til sjølvfinansierende prosjekt som VAR, lån til ordinære investeringar og lån til vidare utlån. For lån til VAR vil rente og avdrag bli dekkja av gebyr. Renter og avdrag for ordinære investeringar må vi dekkje over driftsbudsjettet.

Vi har og ein del lån der vi får dekkja rentekostnadene for lånet, men må sjølve betale avdraga. Det gjeld lån til vedlikehald og opprusting av skulebygg, lån til omsorgsbustader og lån til helsetunet.

I handlingsplanen har vi som mål at nye lån ikkje skal overstige det vi betaler ned i årlege avdrag. Dette for at gjelda ikkje skal auke. Dette bør vere eit absolutt krav for lån til prosjekt som ikkje er sjølvfinansierte.

## 2.7 Investeringar

HOVEDOVERSIKT INVESTERINGSREKNESKAP mill. kr.					
	Reks 2010	Büds 2011	Reks 2011	R11/B11	R11/R10
Sum inntekter	-17	-28	-24	4	1,41
Sum utgifter	188	91	154	63	0,82
Sum finanstransaksjonar	62	7	58	51	0,94
<b>FINANS.BEHOV</b>	<b>233</b>	<b>70</b>	<b>188</b>	<b>118</b>	<b>0,81</b>
Sum finansiering	-227	-70	-180	-110	0,79
<b>UDEKKA/UDISP</b>	<b>7</b>	<b>0</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>1,14</b>

Tabellen ovanfor viser at det har vore stor aktivitet innan investeringsprosjekt i 2011. Mange investeringsprosjekt går over fleire budsjett- og rekneskapsår. Prosjekt som ikkje er avslutta vert vidareført til neste års rekneskap, og rekneskapan kan difor framstå med over eller underskot avhengig av kor langt dei ulike prosjekta har kome. I den grad det syner seg at budsjettet for eit prosjekt ikkje held vert det lagt fram sak om tilleggfinansiering før prosjektet vert endelig avslutta. Dersom det syner seg at eit prosjekt har vorte rimeligare enn budsjettet vert det lagt fram sak om å overføre restløyvinga til anna prosjekt som manglar finansiering.

Investeringsrekneskapan for 2011 vert gjort opp med ein sum på 8 mill kr som ikkje er dekkja. Det vert lagt fram eiga sak til bystyret om tilleggsløyving dersom det er naudsynt.

Tabellen nedanfor viser prosjekt med rekneskapsført kostnad over 2 mill kr i 2011. Det største enkeltprosjektet i 2011 har vore omsorgsbustadar ved Helsetunet for 36,1 mill.

Prosjekt (> 2 mill kr)	Rekneskap 2011
Omsorgsbustadar ved Helsetunet 2010	36 143 178
Hafstadvegen 11 nr. 5, 2010	2 026 062
Rådhus hovudprosjekt 2010	18 423 051
Oppgradering Førdehuset - 2009	6 790 547
Sunde oppvekstsenter - 2010	7 732 321
Silanlegg Øyrane	6 241 547
Rehabilitering Halbrend skule	28 438 340
Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009	5 103 835
Formidlings-/startlån	36 814 113
Kjøp av Fjellvegen 14	4 614 700
Ombygging Prestebøen 8 - 2011	3 000 000
Kjøp av eigedom. jf utbyggingsavtale Hafstd bydel	3 481 950
Kjøp av eigedom, Veglo 5	3 742 798
Vegkryss - E39 ved Spesialvarer	2 250 000
<b>Sum</b>	<b>164 802 441</b>

## 2.8 Finansplasseringar

### 2.8.1 Bakgrunn

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi A/S fekk Førde kommune utbetalt eit eingongsbeløp på kr 73 955 200,- i 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill kr vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca 10 mill kr i verdipapirfond i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

### 2.8.2 Avkastning

Statusrapport finansinvesteringar						Fonds-	Sum	2010	2009	2008
31.12.2011				DnB	Carnegie	forvalt.	31.12.2011			
<b>Avkastning</b>										
<b>Sum aktivklassar:</b>										
Verdiauke totalt	mkr	hittil i året	-0,5	-1,1	-0,8	-2,5	11,0	16,3	-12,8	
Verdiauke totalt	%	hittil i året	-1,1	-1,9	-4,5	-2,0	9,5	16,5	-11,5	
Samanlikn.grunn	%	hittil i året	2,1	1,0	-3,4	-0,1	8,0	13,1	-8,8	
Akkumulert snitt	% pa	frå start 231100					6,1	5,7	4,4	
<b>Pr aktivklasse:</b>										
Rentepapir	%	hittil i året	5,5	5,5	3,4	4,8	5,3	6,1	8,1	
Samanlikn.grunn	%	hittil i året	6,1	6,1	3,6	5,3	4,2	2,9	9,7	
Alternative inves	%	hittil i året					5,2	10,2	-12,5	
Samanlikn.grunn	%	hittil i året					2,3	2,1		
Aksjer	%	hittil i året	-8,6	-14,8	-12,9	-12,1	16,6	36,3	-37,6	
Samanlikn.grunn	%	hittil i året	-8,3	-9,3	-10,9	-9,5	14,4	34,5	-35,2	
<b>Inv.volum og r</b>										
<b>Sum aktivklassar:</b>										
Verdi totalt	mkr	perioodeslutt	48,8	56,8	17,9	123,5	126,0	115,0	98,7	
Rapportert stand	%	perioodeslutt	8,1	6,7	7,3	7,4	7,6	8,7	9,8	
		frå start	24 m	36 m						
<b>Pr aktivklasse:</b>										
Renter	%	perioodeslutt	65,8	67,3	56,1	63,1	58,2	54,7	61,5	
Alternative inv	%	perioodeslutt					0,0	5,1	5,6	
Aksjer	%	perioodeslutt	34,2	32,7	43,9	36,9	41,8	40,2	32,9	
<b>Pr aktivklasse:</b>										
Renter	mkr	perioodeslutt	32,1	38,3	10,0	80,4	73,4	62,8	60,7	
Alternative inv	mkr	perioodeslutt					0,0	5,8	5,5	
Aksjer	mkr	perioodeslutt	16,7	18,6	7,9	43,1	52,6	46,2	32,5	

Resultatet i 2011 er som forventat negativt med -2,5 mill kr eller -2,0 %. Det er den negative avkastninga på aksjar, på grunn situasjonen i verdsøkonomien og den europeiske gjeldskrisa, som forklarar den negative avkastninga. Totalt budsjettavvik er 10 mill kr då det er budsjettert med 7,5 mill kr i avkastning på plasserte midlar i 2011.

Forvaltarane våre har oppnådd eit svakare resultat enn tilsvarende marknad i alle aktivklassar.

### 2.8.3 Akkumulert avkastning

Akkumulert avkastning 31.12.2011 er 54,5 mill kr eller 5,3 % p.a. i snitt, mot ei langsiktig norm på > 6 %. Det er 1,1 % over tilsvarende marknadsrente, eller 13,6 mill kr. I vår historikk har denne meiravkastninga hittil høgst vore opp i 2,9 % i 2006.



## **2.8.4 Rammer og risiko**

Plasseringane ligg innanfor rammene med 63,1 % av investeringsvolumet i rentefond, mot norm 65 %; og med 36,9 % i aksjefond mot norm 35 %. Standardavviket er 7,4 % mot vår langsiktige norm på mindre enn 7 %.

## **2.8.5 Framover**

Etter tiltakande oppsving sidan sommaren 2009, avtok veksten i eurolanda på ny gjennom 2011. Den økonomiske aktiviteten låg i 3. kvartal i fjord framleis lågare enn då finanskrisa satte inn mot slutten av 2007. Korttidsstatistikk og prognoser tyder på ein ny nedgang i aktivitetsnivået i tida framover, ein såkalla double dip. Så langt i 2012 har aksjemarkedet hatt eit positivt oppsving.

Bufferfondet for finansinvesteringane utgjer 15 mill kr som er 1 % av plasserte midlar. I samband med gjennomført strykningar av avsetjing til disposisjonsfond i 2011 på 8,5 mill kr, kan ein sjå dette opp mot bufferfondet då meirforbruket i hovudsak skuldast negativ avkastning på plasserte midlar. Bufferfondet er likevel ikkje omfatta av denne strykninga då avsetjing av mindreforbruket frå rekneskapen 2010 gjaldt generelt disposisjonsfond. Bufferfondet er derfor uendra frå 2010.

## 2.9 Eigenkapital og likviditet

### 2.9.1 Disponibel kapital

Fond og overskott	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Disposisjonsfond	12	20	25	14	13	48	49	29	59	48
Bunde driftsfond	15	14	16	37	42	30	35	43	44	45
Akkumulert overskott	0	2	11	17	32	11	11	33	14	0
Akkumulert underskott	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>27</b>	<b>36</b>	<b>52</b>	<b>68</b>	<b>87</b>	<b>89</b>	<b>95</b>	<b>105</b>	<b>117</b>	<b>93</b>
Ubundne investeringsfond	52	55	58	50	53	66	68	58	59	57
Bundne investeringsfond	27	24	33	31	30	5	7	23	17	32
<b>Sum</b>	<b>79</b>	<b>79</b>	<b>91</b>	<b>81</b>	<b>83</b>	<b>71</b>	<b>75</b>	<b>81</b>	<b>76</b>	<b>89</b>
<b>Oppspart kapital</b>	<b>106</b>	<b>115</b>	<b>143</b>	<b>149</b>	<b>170</b>	<b>160</b>	<b>170</b>	<b>186</b>	<b>193</b>	<b>182</b>
Av dette bundne fond	42	38	49	68	72	35	42	66	61	77
Frie fond	64	77	94	81	98	125	128	120	132	105

Grunna gjennomgåande positive rekneskapsresultat har vi klart å byggje opp ein god eigenkapital.

### 2.9.2 Bufferfondet

Bufferfondet inngår i den summen som i tabellen over står som disposisjonsfond. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjonar med negativt resultat ut frå svingingar ein veit kjem på finansinvesteringar.

Bufferfond	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Avkastning/indeksregulering		4,9	2,1	2,6	0,0	1,2	0,0	8,2	0,0
Dekn underskot							-11,8		
<b>Saldo 31.12</b>	<b>7,9</b>	<b>12,8</b>	<b>14,9</b>	<b>17,5</b>	<b>17,5</b>	<b>18,7</b>	<b>6,9</b>	<b>15,1</b>	<b>15,1</b>

Grunna underskot i 2008 vart ikkje fondet indeksregulert i 2009. Tvert i mot vart fondet svekka med 11,8 mill som gjeld rekneskapsmessig underskot i 2008.

Ved disponering av overskotet for 2009 vart 8,2 mill kr tilført bufferfondet i 2010.


Ved utgangen av 2011 består bufferfondet av 15,1 mill kr.

